



Langeland skule

**17.04.24**

## **Vel møtt til**

### **«Bli- kjent- dagar» 04.06-05.06 juni**

Me ser fram til å møta våre nye førsteklasingar. Det blir eit trinn på 50 elevar som skal starta opp på Langeland skule i år. Elevane skal ikkje gå i klassar, men dei er ein del av eit trinn. På «Bli-kjent-dag» vil me dela i grupper. Desse dagane skal dei få presentera seg sjølve. Dei skal bli kjent med elevane som dei skal gå saman med på 1. trinn, og dei fleste lærarane og fagarbeidarane som skal følgja dei frå hausten av. Desse to dagane vil elevane få kjekke oppgåver som dei skal få øva på, og dei vil få god tid til å leika. Vidare vil dei også bli kjent med elevane som no går i 5. trinn, og som kjem til å bli fadrane deira når dei startar opp i august.

**Tysdag 04. juni** startar me opp i gymsalen kl. **09.00**. Kvar elev blir ønskt velkommen av rektor, lærar og fagarbeidar, og dei får kvar sitt namneskilt. Etterpå blir kvar gruppe følgt inn til klasserommet. Foreldra kan følgje barnet inn, men må gå raskt til mediateket der det skal vera **foreldremøte ca. kl. 09.30**

Elevane skal vera på skulen frå kl. **09.00-11.30** begge dagane. Onsdag vil lærarane møta dei på skuleplassen.

Skulen spanderer mjølk på dei elevane som vil ha, men niste må dei ta med seg. Dette gjeld for begge dagane.

Foreldra kan vera i mediateket desse to dagane, og me vil servera dykk kaffi. Her er ein fin moglegheit til å bli kjent med dei andre foreldra på trinnet.

**Hjarteleg velkomen – me gler oss til å møta dykk!**

Med venleg helsing  
Elisabeth Aarekol  
Rektor, Langeland skule